

VEDTEKTER FOR JONDAL GRENDAKOR

Stifta 1.september 1987

.....

Jondal Grendakor er tilskipa av Jondal Sokneråd, og korarbeidet er lagt inn under organisten sin arbeidsinstruks.

Målsetjing: Koret vil spreia songglede og ivareta songtradisjon.
Det har som si fremste oppgåve å fremja kyrkjemusikalske verdier.

Øvingar: Koret har øving 1 gong i veka og ekstraøvingar ved behov.
Det vert ført frammøteprotokoll.
Kormedlemmene melder frå om fråver frå øvingar og konsertar til dirigenten eller leiaren.

Repertoar: Alle kormedlemmene kan fremja forslag til repertoar.
Korrepertoaret vert fastsett av musikkutvalet.
Musikkutvalet (MU) har 3 medlemmer: kormedlem, styremedlem og dirigent. Representanten frå koret vert valt på årsmøtet for 1 år.
Kormedlem og styremedlem i MU er også noteforvaltarar.

Notane tilhøyrrer koret, og etter bruk, skal notane leverast attende til koret.

Dirigent/korturar: På turar der koret treng dirigent, betaler koret utgiftene for dirigenten. På andre turar/utflukter der det ikkje er naudsynt med dirigent, stiller dirigenten på likefot med kormedlemmene, betaler turen sjølv, eller koret betaler turen for alle.

*Kontingent: Korkontingenten for komande år, skal betalast i februar-mars.
Årsmøtet vedtek årskontingenten.*

Kormidlane: Kormidlane skal disponerast av styret til koret sitt beste.
Dersom koret vert oppløyst, skal disponible midlar overførast til ein sperra konto og berre nyttast til etablering og drift av nytt vaksenkor i regi soknerådet. Etter 10 år kan midlane òg disponerast til anna kyrkjemusikalsk arbeid.

Revisor: Årsmøtet vel revisor for 1 år.

Korstyre: Val av styre skjer på koret sitt årsmøte i byrjinga av vårsemesteret.
Styret har 5 medlemmer. 4 valde medlemmer. Styret konstituerer seg sjølv (Leiar, nestleiar, kasserar og skrivar). Dirigenten er fast medlem. Styret har 2 varamedlemmer..
Halvparten av styret vert vald kvart år.
Styremedlemmene vert valde for 2 år, varamedlemmene for 1 år.

Styret har møte etter behov. Referatboka er tilgjengeleg for alle kormedlemmene.

Reviderte vedtekter 9.februar 2010